

Prop. 132 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 29. mai 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Regjeringa gjer med dette framlegg om å auke løyvingar på statsbudsjettet for 2015 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet (G) og pensjonar i folketrygda og i visse andre pensjonsordningar frå 1. mai 2015.

Departementet viser til forskrift fastsett ved kongeleg resolusjon 29. mai 2015 om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2015 og virkningstidspunkt for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til dagpenger.

Grunnbeløpet er auka frå 88 370 kroner til 90 068 kroner frå 1. mai, det vil seie med 1,92 prosent. Uføretrygda og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får dermed ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opptening vert også oppregulert med 1,92 prosent.

Alderspensjon under utbetaling vert regulert med lønnsauken på 1,92 prosent og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Dette inneber at alderspensjonistar får auka pensjonen med 1,16 prosent frå 1. mai 2015.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er auka med lønnsauken på 1,92 prosent og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa, noko som inneber at satsane er auka med 1,42 prosent. Satsane er frå 1. mai 2015 sette til 139 728 kroner for låg sats, 162 566 kroner for ordinær sats, 175 739 kroner for høg sats og 274 085 kroner for særskilt sats.

Meirutgiftene for 2015 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar vert om lag 3 213 mill. kroner.

Når regjeringa legg fram budsjettforslag for Stortinget, er etablert praksis at «frå-tala» tar utgangspunkt i det siste forslaget til endra løyvingar som regjeringa har fremma for Stortinget. For å sikre lik praksis for budsjettproposisjonar til Stortinget, har Arbeids- og sosialdepartementet som utgangspunkt i vedtaksdelen i denne proposisjonen nytta Prop. 119 S (2014–2015) som vart fremma samtidig med Revidert nasjonalbudsjett.

Alderspensjonistane kan i 2015 får ei negativ utvikling i kjøpekraft. For å hindre ei utvikling der pensjonistane får negativ kjøpekraft over tid sam-

stundes som kjøpekrafta til lønnstakarane aukar, vil Regjeringa gjennomgå regelverket om regulering av pensjonar og vurdere moglege endringar.

2 Nærare om reguleringa

Reglane for regulering

Reglane for regulering av pensjonar i folketrygda går fram av folketrygdlova §§ 1-4, 19-14 og 20-18 og forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden. I forskrifta § 3 er det gjort nærare greie for rekne måten for den samla lønnsauken (*sl*) som skal nyttast ved reguleringa: $sl = ((1 + a1/100) \times (1 + a2/100) \times (1 + f/100) - 1) \times 100$. Faktorane *a1* og *a2* er avvika mellom venta og faktisk lønnsauke eit og to år tilbake i tid, medan *f* er venta lønnsauke i reguleringsåret.

Alderspensjon under utbetaling skal regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisveksten. Dette skjer ved at pensjonen vert regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt ein fast faktor på 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå vert regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløpet og alderspensjon under opptening vert regulerte i samsvar med lønnsauken. Uføretrygd og andre ytingar som vert regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet, vert dermed regulerte i samsvar med lønnsauken. Tilsvarende reglar gjeld i andre pensjonsordningar.

Til grunn for reguleringa ligg venta lønnsauke i reguleringsåret, justert for eventuelle avvik mellom venta og faktisk lønnsauke dei siste to åra. Det skal også vurderast om det er særlege tilhøve som har påverka lønnsutviklinga for ein-skilde grupper, og om effekten av dette skal heldast utanfor ved fastsetjinga av lønnsauken. Talgrunnlaget skal drøftast med organisasjonane til pensjonistane, dei funksjonshemma og arbeidstakarane, før grunnbeløpet og pensjonane vert regulerte.

Drøftingar med organisasjonane

Grunnlaget for reguleringa har vore drøfta med Pensjonistforbundet, Seniorsaken, Forsvarets seniorforbund, Landslaget for offentlige pensjonister, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Unio og

Yrkesorganisasjonenes Sentrallforbund. Sjå nærare om drøftingane i vedlagte protokollar.

I tråd med forskrift 6. mai 2011 nr. 465 vert det etter dette lagt til grunn ein venta lønnsauke på 2,7 prosent i 2015 i tråd med anslaget til regjeringa som går fram av Revidert nasjonalbudsjett for 2015. I trygdeoppgjeret 2014 vart det lagt til grunn for reguleringa av grunnbeløpet ein venta lønnsauke på 3,3 prosent i 2014 i tråd med anslaget til regjeringa som går fram av Revidert nasjonalbudsjett for 2014. Faktisk lønnsauke for 2014 er nå anslått til 3,1 prosent i rapporten «Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2015» frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera av 30. mars 2015. Partane er samde om at det ligg føre eit negativt avvik på 0,2 prosentpoeng for 2014. I trygdeoppgjeret 2014 vart det lagt til grunn ein faktisk lønnsauke på 3,9 prosent i 2013. Faktisk lønnsauke for 2013 er i rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera framleis sett til 3,9 prosent. Partane er samde om at det dermed ikkje ligg føre eit avvik for 2013.

Reguleringa av grunnbeløpet, pensjonane og satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2015

Når det er avvik dei to siste åra, skal det først takast omsyn til avvika og deretter til den venta prosentvise lønnsauken i inneverande år. Den samla årlege lønnsauken er på denne bakgrunnen fastsett til 2,49 prosent frå 2014 til 2015.

Reguleringa av grunnbeløpet og pensjonane skjer med verknad frå 1. mai. Det nye grunnbeløpet frå 1. mai 2015 skal dermed fastsetjast slik at den prosentvise auken i det gjennomsnittlege grunnbeløpet frå 2014 til 2015 vert lik den samla årlege lønnsauken. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka med 2,49 prosent frå 2014 (87 328 kroner) til 2015 (89 502 kroner). Nytt grunnbeløp frå 1. mai 2015 er fastsett til 90 068 kroner. Den prosentvise auken i grunnbeløpet frå 88 370 kroner til 90 068 kroner frå 1. mai 2015 er 1,92 prosent. Det inneber at uføretrygda og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opptening vert også oppregulert med 1,92 prosent.

Alderspensjon under utbetaling vert regulert med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Pensjonen vert først oppregulert med 1,92 prosent og frå denne summen vert det fråtrekt 0,75 prosent. Dette inneber at alderspensjonistar får auka pensjonen med 1,16 prosent frå 1. mai 2015.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er auka frå 1. mai 2015 med lønnsauken

på 1,92 prosent og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar. Dette skjer ved å multiplisere med forholdstalet i 2014 på 1,020 og dividere med forholdstalet i 2015 på 1,025. Dette inneber at satsane er auka med 1,42 prosent frå 1. mai 2015.

Satsane er frå 1. mai 2015 sette til 139 728 kroner for låg sats, 162 566 kroner for ordinær sats, 175 739 kroner for høg sats og 274 085 kroner for særskilt sats. Sjå nærare om dei ulike satsane i folketrygdlova § 19-18.

Gjennomgang av reglane for regulering

Med dagens reguleringsreglar vil pensjonistane normalt få ei årleg betring av kjøpekrafta, men noko lågare enn for lønnstakarane. I år med moderate lønnsoppgjer, der lønnstakarane får ein lønnsauke som berre er litt høgare enn forventa prisvekst, kan fråtrekket på 0,75 prosent i oppgjeret til pensjonistane føre til at pensjonistane får ei negativ utvikling i kjøpekrafta.

Regjeringa vil difor gjennomgå prinsippa for den årlege reguleringa av pensjonar. Siktemålet er å unngå ei utvikling over fleire påfølgjande år der pensjonistane får minska kjøpekraft, samstundes som arbeidstakarane får auka kjøpekraft. I denne samanhengen skal ein vurdere ei eller anna form for glattingsmekanisme.

Til grunn for gjennomgangen skal liggja ein føresetnad om at eventuelle endringar ikkje må svekke bærekrafta i pensjonssystemet. Det skal ikkje gis nokon garanti mot minska kjøpekraft i enkelte år. Ein skal framleis justere for eventuelle avvik mellom forventa og faktisk lønnsauke dei siste to åra.

Gjennomgangen vil ikkje påverke trygdeoppgjeret i år, men skal vere klar i god tid før trygdeoppgjeret neste år. Ein skal like fullt vurdere om eventuelle endringar skal gjelde frå og med 2016, eller om ein ved trygdeoppgjeret i 2016 også skal ta omsyn til ei eventuell minska kjøpekraft i 2015.

3 Nærare om utviklinga i grunnbeløpet, pensjoner og lønn seinare åra

Tabell 3.1 viser utviklinga i grunnbeløpet og i inntektene før skatt for pensjonistar i folketrygda og lønnstakarar i perioden 2005–2014. Inntekter som pensjonistar har i tillegg til pensjonsinntekta, er ikkje med her.

Pensjonane for dei einslege minstepensjonistane har auka meir enn grunnbeløpet av di særtillegget ordinær sats vart auka frå 79,33 prosent til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008, til 97 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2009 og til 100 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2010. Den siste endringa fekk heilårsverknad i 2011.

For ektepar og sambuarar med minstepensjon var auken sterkare enn i grunnbeløpet i åra 2003–2006 og 2008–2010 både som følgje av auken i særtillegget og av di grunnpensjonen for ektepar og sambuande vart trappa opp i åra 2003–2005. Grunnpensjonen auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003, til 0,825 G frå 1. mai 2004 og til 0,85 G frå 1. mai 2005. Den siste endringa fekk heilårsverknad i 2006.

Gjennomsnittleg pensjon har dei siste åra også auka med meir enn grunnbeløpet, og med meir enn auken i særtillegget og i grunnpensjonen for ektepar og sambuarar skulle tilseie. Dette kjem av at pensjonistane i aukande grad har tent opp tilleggspensjon.

Auken i grunnbeløpet i perioden 2005–2014 er 45,5 prosent, medan veksten for lønnstakarar i alt var 46,3 prosent. Årsaka til skilnaden er mellom anna at partane i trygdeoppgjeret i 2008 vart samde om ei fordeling innanfor den økonomiske ramma der ein nytta noko av midlane til å auke særtillegget. Den historiske utviklinga av pensjonane med vidare går fram av tabellane i vedlegget til proposisjonen. Tabell 1.2 viser utviklinga i minstepensjonane til alderspensjonistar, uføretrygda og unge uføre frå 1. mai 1992 til 30. april 2016, medan tabell 1.3 viser utviklinga av minstepensjonane frå 1970 til 2014 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterk realvekst. Dette heng saman med at satsane for særtillegget er trappa opp gjennom åra, seinast i åra 2008–2010.

4 Skattereglane for pensjonistar i 2015

Særskilde reglar for AFP- og alderspensjonistar

AFP- og alderspensjonistar betaler mindre i skatt enn lønnstakarar og uføretrygda. Det skuldast fyrst og fremst at dei har rett til eit særleg skattefrådrag som reduserer skatten på pensjonsinntekt og sikrar at pensjonistar med pensjon noko over minste pensjonsnivå etter høg sats (einslege) ikkje betaler skatt av pensjonen. I 2015 utgjør skattefrådraget maksimalt 30 800 kroner og vert

Endringar i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015)

Tabell 3.1 Utvikling i grunnbeløpet, minstepensjonane, gjennomsnittleg alders- og uførepensjon og lønn for lønnstakarar. Prosentvis endring frå året før og gjennomsnittleg endring per år 2005–2014.

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Endring 2005–2014	Endring per år
Grunnbeløp	3,5	5,4	5,5	4,2	3,8	4,4	4,0	3,8	3,7	45,5	4,3
Minste pensjonsnivå/ alderspension for einslege ¹	3,5	5,4	11,3	7,9	5,4	4,6	3,5	3,2	3,2	59,2	5,3
Minste pensjonsnivå/ alderspension for ekte- par/sambuande ¹	4,0	5,4	11,9	8,2	5,5	4,6	3,5	3,2	3,2	61,4	5,5
Minstepensjon/uføre- pensjon for einslege ²						4,9	4,0	3,8	3,7	-	-
Minstepensjon/uføre- pensjon for ektepar ²						5,0	4,0	3,8	3,7	-	-
Alderspension i gjennomsnitt ³	4,8	6,5	7,6	6,1	5,6	5,4	4,4	4,0	3,7	59,7	5,3
Uførepensjon i gjennomsnitt ³	3,7	5,4	6,7	4,6	4,1	3,6	4,0	3,7	2,8	45,9	4,3
Lønnstakarar i alt	4,1	5,4	6,3	4,2	3,7	4,2	4,0	3,9	3,1	46,3	4,3
Industriarbeidarar i NHO-området	3,6	5,5	5,7	3,9	3,6	4,4	4,1	3,5	3,0	44,1	4,1
Statstilsette	4,5	5,1	6,7	4,4	4,5	4,2	4,1	3,5	3,4	48,4	4,5
Kommunetilsette ⁴	3,9	4,8	6,7	4,6	3,7	4,3	4,1	3,7	3,2	46,4	4,3

¹ Frå og med 1. mai 2011 er satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa, medan minstepensjon for uførepensjonistar er regulert i samsvar med grunnbeløpet (lønnsauken).

² Til og med 2010 var minstepensjonane for uføre- og alderspensjonistar like.

³ Gjennomsnittleg pensjon er rekna ut frå rekneskapen.

⁴ For tilsette i konflikt i 2014 kom lønnstillegga seinare på året enn for tilsette som ikkje var i konflikt. Dette trakk årslønsvekstslaget i 2014 ned med 0,2 prosentpoeng i heile kommunesektoren.

Kjelde: Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera NOU 2015: 6 og Arbeids- og velferdsdirektoratet

trappa ned mot høgare pensjonsinntekt enn 180 800 kroner. Frådraget vert trappa ned med ein sats på 15,3 prosent av pensjonsinntekt mellom 180 800 kroner og 273 650 kroner, og med ein sats på 6 prosent av pensjonsinntekt over 273 650 kroner. Frådraget er heilt utfasa ved ei pensjonsinntekt på om lag 550 200 kroner.

Minstefrådraget for pensjonsinntekter

Når skatten skal reknast ut, vert lønnsinntekter, trygdeinntekter og pensjonsinntekter reduserte med eit minstefrådrag. I 2015 utgjer minstefrådraget for pensjonsinntekter 27 prosent av inntekta, men maksimalt 72 200 kroner. Til samanlikning er minstefrådraget for lønnsinntekter og trygdeinn-

tekter på 43 prosent av inntekta og maksimalt 89 050 kroner.

Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt o.a. i 2015 er 5,1 prosent. Til samanlikning er trygdeavgift på lønnsinntekt og trygdeinntekt 8,2 prosent.

5 Pensjonar og ytingar frå folketrygda

Alderspension under utbetaling vert regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå vert

regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløpet og alderspensjon under opptening vert regulerte i samsvar med lønnsauken. Uføretrygd, ytingar til etterlatne, arbeidsavklaringspengar og overgangsstønad vert regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet.

Under kap. 2670 Alderdom vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 1 537 mill. kroner, fordelt med 502 mill. kroner på Post 70 Grunnpensjon, 959 mill. kroner på Post 71 Tilleggspensjon og 76 mill. kroner på Post 73 Sært tillegg, pensjonstillegg mv.

Under kap. 2655 Uførheit vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 966 mill. kroner, fordelt med med 965 mill. kroner på Post 70 Uføretrygd og 1 mill. kroner på Post 76 Yrkesskade-trygd

Under kap. 2680 Etterlatne vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 28 mill. kroner, fordelt med 15 mill. kroner på post 70 Grunnpensjon, 12 mill. kroner på post 71 Tilleggspensjon og 1 mill. kroner på post 72 Sært tillegg.

Under kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar vert det gjort framlegg om å auke løyvingane på Post 70 Arbeidsavklaringspengar med 430 mill. kroner.

Under kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far post 70 Overgangsstønad vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 32 mill. kroner.

6 Andre pensjonsordningar

6.1 Pensjonar mv. frå Statens pensjonskasse

Dei fleste tenestepensjonane i offentlig sektor er såkalla bruttoordningar som vert gitt i tillegg til folketrygda. Dette gjeld no særleg alderspensjonar. Pensjonen frå folketrygda skal alltid betalast fullt ut, medan tenestepensjonen vert redusert med eit samordningsfrådrag. Vanlegvis utgjør samordningsfrådraget $\frac{3}{4}$ grunnbeløp og heile tilleggspensjonen og/eller særtillegget m.v. når tenestepensjonen vert gitt for full tenestetid (vanlegvis 30 år). Tenestepensjon til etterlatne bereknast som hovudregel som nettopensjonar som er tilpassa pensjon frå folketrygda og som ikkje skal samordnast. I samband med uførereforma frå 1. januar 2015 er òg uførepensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar lagt om til nettopensjonar.

Etter lov om Statens pensjonskasse § 42 skal alderspensjon under utbetaling regulerast ved at pensjonsgrunnlaget vert regulert årleg frå 1. mai i

samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Uførepensjon vert regulert i samsvar med lønnsauken. Enkje- og enkjemannspensjon vert regulerte i samsvar med lønnsauken fram til fylte 67 år. Frå fylte 67 år vert pensjonsgrunnlaget regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Ved reguleringa skal dei reguleringsfaktorene som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nyttast.

For kapitla 611, 612, 615 og 616 vil dei totale meirutgiftene for pensjonane som følgje av reguleringa utgjere om lag 205 mill. kroner.

Under kap. 611 Pensjonar av statskassa, vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 0,1 mill. kroner. Det vert gjort framlegg om at departementet får fullmakt til å regulere pensjonane på same måten som pensjonar frå Statens pensjonskasse.

Under kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 202 mill. kroner, fordelt med 200 mill. kroner på post 01 Driftsutgifter og 2 mill. kroner på post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse.

Under kap. 615 Yrkesskedeforsikring og kap. 616 Gruppelivsforsikring vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med respektive 1 mill. kroner under kap. 615 og 2 mill. kroner under kap. 616.

6.2 Avtalefesta pensjon i privat sektor

Etter lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor § 23 skal tilskottet frå staten til pensjon etter reglane i kapittel 2 (ny AFP) utgjere $\frac{1}{3}$ av pensjonen, medan kompensasjonstillegget etter kapittel 3 vert dekt fullt ut av staten. Statstilskottet til pensjon etter kapittel 4 (overgangsordninga) skal utgjere 40 prosent av pensjonen for pensjonistar over 64 år.

Årleg pensjon etter AFP-tilskottslova kapittel 2 utgjør 0,314 prosent av grunnlaget (summen av den einskildes inntekt) og er eit påslag til alderspensjon frå folketrygda. Pensjon etter kapittel 4 (overgangsordninga) vart rekna ut etter dei tidlegare reglane for uførepensjon frå folketrygda. Det er ikkje iverksett AFP etter overgangsordninga etter 2010, og ordninga opphører i løpet av 2015. AFP, med unntak av visse tillegg, vert regulert årleg frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent.

Under kap. 666 Avtalefesta pensjon, post 70 Tilskott vert det gjort framlegg om å auke statstilskottet med 7 mill. kroner.

6.3 Pensjonstrygda for sjømenn

Etter lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 15 gir staten visse tilskott. Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for farts-månader mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945. Etter § 8 er pensjonsordninga garantert av staten.

Alderspensjonar frå Pensjonstrygda for sjømenn vert regulerte årleg med verknad frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekte 0,75 prosent. Ved reguleringa vert dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nytta.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott vert det gjort framlegg om å auke tilskottet med 1 mill. kroner.

6.4 Krigspensjonering

Staten dekkjer utgiftene til krigspensjon etter lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersoner (§ 19) og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner (§ 25).

Etter tilleggslov om krigspensjonering av 29. juni 1951 nr. 34 vert krigspensjonar under utbetaling regulerte i samsvar med lønnsauken fram til fylte 67 år. Frå fylte 67 år vert krigspensjonane regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekte 0,75 prosent. Ved regulering av pensjonar vert dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nytta.

Under kap. 660 Krigspensjon vert det gjort framlegg om å auke løyvingane med 3 mill. kroner, fordelt med 1 mill. kroner på post 70 Tilskott militære og 2 mill. kroner på post 71 Tilskott sivile.

6.5 Supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

Ved lov 29. april 2005 nr. 21 om stønad til personar med kort butid i Noreg, er personar over 67 år med liten eller ingen pensjon frå folketrygda sikra ei samla inntekt på nivå med minste pensjonsnivå. Ytingane frå ordninga vert prøvde mot inntekt og også mot formue. Det er vidare eit vilkår at stønadsmottakaren er busett i Noreg.

Stønadene er knytt til satsane for minste pensjonsnivå i folketrygda, og vil difor auke i tråd med dei nye satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2015.

Under kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år, post 70 Tilskott vert det gjort framlegg om å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015)

I

Arbeids- og sosialdepartementet får fullmakt til å regulere pensjonar frå statskassa på same måten som for statspensjonistar.

II

I statsbudsjettet for 2015 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
611		Pensjonar frå statskassa	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 17 800 000 til kr 17 900 000	100 000
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 9 405 000 000 til kr 9 605 000 000	200 000 000
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 105 000 000 til kr 107 000 000	2 000 000
615		Yrkesskedeforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 90 000 000 til kr 91 000 000	1 000 000
616		Gruppelivsforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 180 000 000 til kr 182 000 000	2 000 000
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 109 000 000 til kr 110 000 000	1 000 000
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsøyving</i> , vert auka med frå kr 270 000 000 til kr 272 000 000	2 000 000

Endringer i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015)

Kap.	Post	Formål	Kroner
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskott, vert auka med frå kr 72 000 000 til kr 73 000 000	1 000 000
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 1 500 000 000 til kr 1 507 000 000	7 000 000
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 410 000 000 til kr 414 000 000	4 000 000
2620		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 2 480 000 000 til kr 2 512 000 000	32 000 000
2651		Ytingar under arbeidsavklaring	
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 33 560 000 000 til kr 33 990 000 000	430 000 000
2655		Uførheit	
	70	Uføretrygd, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 75 300 000 000 til kr 76 265 000 000	965 000 000
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgivning, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 59 000 000 til kr 60 000 000	1 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 63 200 000 000 til kr 63 702 000 000	502 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 120 710 000 000 til kr 121 669 000 000	959 000 000
	73	Sært tillegg, pensjonstillegg mv., <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 5 600 000 000 til kr 5 676 000 000	76 000 000
2680		Etterlatne	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 1 170 000 000 til kr 1 185 000 000	15 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 913 000 000 til kr 925 000 000	12 000 000
	72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 91 000 000 til kr 92 000 000	1 000 000

Vedlegg 1**Tabellar**

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967.

Storleiken på grunnbeløpet			Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp	
Frå	Per år kr	Per md. kr	År	Beløp kr
1.01.1967	5 400	450,00	1967	5 400
1.01.1968	5 900	491,67	1968	5 900
1.01.1969	6 400	533,33	1969	6 400
1.01.1970	6 800	566,67	1970	6 800
1.01.1971	7 200	600,00		
1.05.1971	7 500	625,00	1971	7 400
1.01.1972	7 900	658,33	1972	7 900
1.01.1973	8 500	708,33	1973	8 500
1.01.1974	9 200	766,67		
1.05.1974	9 700	808,33	1974	9 533
1.01.1975	10 400	866,67		
1.05.1975	11 000	916,67	1975	10 800
1.01.1976	11 800	983,33		
1.05.1976	12 100	1 008,33	1976	12 000
1.01.1977	13 100	1 091,67		
1.05.1977	13 400	1 116,67		
1.12.1977	14 400	1 200,00	1977	13 383
1.07.1978	14 700	1 225,00	1978	14 550
1.01.1979	15 200	1 266,67	1979	15 200
1.01.1980	16 100	1 341,67		
1.05.1980	16 900	1 408,33	1980	16 633
1.01.1981	17 400	1 450,00		
1.05.1981	19 100	1 591,67		
1.10.1981	19 600	1 633,33	1981	18 658
1.05.1982	21 200	1 766,67	1982	20 667
1.01.1983	21 800	1 816,67		
1.05.1983	22 600	1 883,33	1983	22 333
1.05.1984	24 200	2 016,67	1984	23 667

Endringer i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015)

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967.

Storleiken på grunnbeløpet			Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp	
Frå	Per år kr	Per md. kr	År	Beløp kr
1.05.1985	25 900	2 158,33	1985	25 333
1.01.1986	26 300	2 191,67		
1.05.1986	28 000	2 333,33	1986	27 433
1.05.1987	29 900	2 491,67	1987	29 267
1.01.1988	30 400	2 533,33		
1.04.1988	31 000	2 583,33	1988	30 850
1.04.1989	32 700	2 725,00	1989	32 275
1.05.1990	34 000	2 833,33		
1.12.1990	34 100	2 841,67	1990	33 575
1.05.1991	35 500	2 958,33	1991	35 033
1.05.1992	36 500	3 041,67	1992	36 167
1.05.1993	37 300	3 108,33	1993	37 033
1.05.1994	38 080	3 173,33	1994	37 820
1.05.1995	39 230	3 269,17	1995	38 847
1.05.1996	41 000	3 416,67	1996	40 410
1.05.1997	42 500	3 541,67	1997	42 000
1.05.1998	45 370	3 780,83	1998	44 413
1.05.1999	46 950	3 912,50	1999	46 423
1.05.2000	49 090	4 090,83	2000	48 377
1.05.2001	51 360	4 280,00	2001	50 603
1.05.2002	54 170	4 514,17	2002	53 233
1.05.2003	56 861	4 738,42	2003	55 964
1.05.2004	58 778	4 898,17	2004	58 139
1.05.2005	60 699	5 058,25	2005	60 059
1.05.2006	62 892	5 241,00	2006	62 161
1.05.2007	66 812	5 567,67	2007	65 505
1.05.2008	70 256	5 854,67	2008	69 108
1.05.2009	72 881	6 073,42	2009	72 006
1.05.2010	75 641	6 303,42	2010	74 721
1.05.2011	79 216	6 601,33	2011	78 024
1.05.2012	82 122	6 843,50	2012	81 153
1.05.2013	85 245	7 103,75	2013	84 204
1.05.2014	88 370	7 364,16	2014	87 328
1.05.2015	90 068	7 505,67	2015	89 502

Endringar i statsbudsjettet 2015 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2015)

Tabell 1.2 Utviklinga av minste pensjonsnivå for alderspensjonistar, uførepensjonistar/uføretrygda og unge uføre i perioden 1.05.1992–30.04.2016. Kroner.

	Minste pensjonsnivå				
	Alderspensjonist		Uførepensjonist/uføretrygda		Einslege unge uføre
	Einslege Per år	Ektepar Per år	Einslege Per år	Ektepar Per år	
1.05.92–30.04.93	58 583	94 752	58 583	94 752	87 096
1.05.93–31.12.93	59 868	96 816	59 868	96 816	88 992
1.01.94–30.04.94	59 868	101 088 ¹	59 868	101 088 ¹	88 991
1.05.94–31.12.94	61 116	103 200	61 116	103 200	90 852
1.01.95–30.04.95 ²	61 512	103 992	61 512	103 992	90 852
1.05.95–30.04.96	63 372	107 136	63 372	107 136	93 600
1.05.96–30.04.97	66 240	111 984	66 240	111 984	97 836
1.05.97–30.04.98 ³	69 360	117 456	69 360	117 456	101 412
1.05.98–30.04.99 ⁴	81 360	140 040	81 360	140 040	108 252
1.05.99–30.04.00	84 204	144 912	84 204	144 912	112 032
1.05.00–30.04.01	88 032	151 512	88 032	151 512	117 132
1.05.01–30.04.02	92 100	158 520	92 100	158 520	122 544
1.05.02–30.04.03	97 140	167 208	97 140	167 208	129 252
1.05.03–30.04.04	101 964	181 200 ⁵	101 964	181 200 ⁵	135 660
1.05.04–30.04.05	105 408	190 248 ⁶	105 408	190 248 ⁶	140 244
1.05.05–30.04.06	108 852	199 512 ⁷	108 852	199 512 ⁷	144 828
1.05.06–30.04.07	112 788	206 712	112 788	206 712	150 060
1.05.07–30.04.08	119 820	219 600	119 820	219 600	159 420
1.05.08–30.04.09 ⁸	136 296	251 496	136 296	251 496	173 532 ⁹
1.05.09–30.04.10 ¹⁰	143 568	265 272	143 568	265 272	180 012
1.05.10–30.04.11 ¹¹	151 272	279 864	151 272	279 864	186 828
1.05.11–30.04.12 ¹²	157 639	291 644	158 424	293 088	195 660
1.05.12–30.04.13	162 615	300 850	164 256	303 864	202 848
1.05.13–30.04.14	167 963	310 744	170 496	315 408	210 564
1.05.14–31.12.14	173 274	320 570	176 736	326 976	218 268
1.01.15–30.04.15 ¹³	173 274	320 570	219 158	402 968	257 157
1.05.15–30.04.16	175 739	325 132	223 369	410 710	262 098

¹ Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.1994. Ny sats 2 x 60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

² Heving av sats for særtillegget frå 1.01.1995. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

³ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1997. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

⁴ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1998. Ordinær sats utgjorde 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats er 74 pst. av grunnbeløpet.

⁵ Grunnpensjonen for ektepar auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1.05.2003.

⁶ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,825 G frå 1.05.2004.

⁷ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,85 G frå 1.05.2005.

⁸ Ordinær sats for særtillegget auka til 94 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2008.

⁹ Dei medrekna framtidige pensjonspoenga for unge uføre blei heva frå 3,30 til 3,50 frå 1.05.2008.

¹⁰ Ordinær sats for særtillegget auka til 97 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2009.

¹¹ Ordinær sats for særtillegget aukar til 100 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2010.

